



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2016 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 995 749 335  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: TUNNELMÅLING AS  
Forretningsadresse: Teigen  
6854 KAUPANGER

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2016 - 31.12.2016

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Svein Hovland  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 30.06.2017

### Grunnlag for avgivelse

År 2016: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2015: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2016

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 12.07.2019



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salgsinntekt		561 896	942 602
Annen driftsinntekt		170 300	
<b>Sum inntekter</b>		<b>732 196</b>	<b>942 602</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønnskostnad	6	533 945	397 134
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	2	52 200	170 200
Annen driftskostnad		275 962	352 970
<b>Sum kostnader</b>		<b>862 107</b>	<b>920 304</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-129 912</b>	<b>22 298</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		91	16
Annen finansinntekt		380	
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>471</b>	<b>16</b>
Annan rentekostnad		14 081	11 957
Annen finanskostnad		2 501	2 581
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>16 582</b>	<b>14 538</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-16 111</b>	<b>-14 522</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	5	<b>-146 022</b>	<b>7 776</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	5		
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-146 022</b>	<b>7 776</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-146 022</b>	<b>7 776</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-146 022</b>	<b>7 776</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>-146 022</b>	<b>7 776</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Udekt tap		-146 022	7 776
<b>Sum overføringar og disponeringar</b>		<b>-146 022</b>	<b>7 776</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Maskiner og anlegg	2, 9	11 900	74 100
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>11 900</b>	<b>74 100</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>11 900</b>	<b>74 100</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundefordringer			7 125
Andre fordringer	10	29 626	121 826
<b>Sum krav</b>		<b>29 626</b>	<b>128 951</b>
<b>Bankinnskott, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	7	49 280	18 267
<b>Sum bankinnskott, kontantar og liknande</b>		<b>49 280</b>	<b>18 267</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>78 906</b>	<b>147 218</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>90 806</b>	<b>221 318</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Selskapskapital	4, 8	100 000	100 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annen egenkapital	8		



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Udekt tap		198 573	52 550
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>-198 573</b>	<b>-52 550</b>
<b>Sum egenkapital</b>	8	<b>-98 573</b>	<b>47 450</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsett skatt	5		
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	9		
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	9	67 501	28 786
Leverandørgjeld		12 688	46 571
Betalbar skatt	5		
Skyldige offentlige avgifter		47 583	41 036
Annen kortsiktig gjeld	3	61 606	57 475
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>189 378</b>	<b>173 868</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>189 378</b>	<b>173 868</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>90 806</b>	<b>221 318</b>



## **Rekneskapsåret 2016**

### **Tunnelmåling AS**

Org.nr: 995 749 335

### **Årsmelding**

### **Årsrekneskap**

- resultatrekneskap
- balanse
- notar

### **Revisjonsmelding**



Til generalforsamlinga i Tunnelmåling AS

## *Melding frå uavhengig revisor*

### *Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen*

#### *Konklusjon*

Vi har revidert Tunnelmåling AS sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 146 022. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Vesentleg uvisse knytta til framleis drift*

Selskapet opplyser i årsmeldinga at selskapet har pådrege seg eit tap på 146 022 i rekneskapsåret 2016, og at selskapet sin egenkapital er negativ. Desse tilhøva og andre omstende som er omtalt i årsmeldinga, indikerer at det er ei vesentleg uvisse som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til framleis drift. Dette tilhøvet har inga betydning for konklusjonen vår om årsrekneskapen.

#### *Ytterlegare informasjon*

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

*PricewaterhouseCoopers AS, Parkvegen 5, Postboks 75, NO-6851 Sogndal*

*T: 02316, org.no.: 987 009 713 MVA, [www.pwc.no](http://www.pwc.no)*

*Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap*



Melding frå uavhengig revisor - Tunnelmåling AS

### *Styret sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### *Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om

(2)



Melding frå uavhengig revisor - Tunnelmåling AS

årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

### *Utsegn om andre lovmessige krav*

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Sogndal 30. juni 2017  
**Pricewaterhousecoopers AS**

Harald Mo  
Statsautorisert revisor



## Tunnelmåling AS

### Årsmelding for 2016

#### Verksemda

Selskapet heldt til på Kaupanger og driv med måling av tunnelar og anna verksemd som naturleg fell under dette.

#### Økonomi og vidare drift

Etter styret si meining gjev den framlagde resultatrekneskapen fullgod informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet. Selskapet enda med eit underskot i 2016 på kr. 146 022, og eit overskot i 2015 på kr. 7 776. Eigenkapitalen i 2016 er på kr. -98 573, og var i 2015 på kr. 47 450. Selskapet kan ikkje betale sine forpliktingar ved forfall ved utgangen av rekneskapsåret og ved tidspunkt for avlegging av rekneskapen.

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det bekrefta at rekneskapen er avlagt under føresetnad om fortsatt drift, men styret vil presisere at det er vesentleg usikkerheit knytta til fortsatt drift.

Aksjekapitalen er tapt og styret si handleplikt etter aksjelova har tredt i kraft. Ved eit eventuelt opphør av verksemda kan det bli vanskar med å realisere selskapet sine driftsmidlar til bokført verdi. Tunnelmåling AS har ein ordresituasjon i juni 2017 som gir forventning om positiv drift resten av året. I tillegg er det satt i verk tiltak som reduserer kostnadane i selskapet.

#### Arbeidsmiljø og likestilling

Selskapet har hatt 1 tilsette på deltid i 2016. Styret har ikkje funne det nødvendig å setja i verk tiltak for å fremja likestilling.

#### Ytre miljø

Selskapet ureinar ikkje det ytre miljø ut over det som er normalt for tilsvarande verksemd.

Kaupanger, 30.06.2017

  
Svein Hovland  
Styreleiar



### Tunnelmåling AS

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	<i>Note</i>	2016	2015
Salgsinntekt		561 896	942 602
Annen driftsinntekt		170 300	0
<b>Sum driftsinntekter</b>		<u>732 196</u>	<u>942 602</u>
Lønskostnad	6	533 945	397 134
Avskrivning	2	52 200	170 200
Annen driftskostnad		275 962	352 970
<b>Sum driftskostnader</b>		<u>862 107</u>	<u>920 304</u>
<b>Driftsresultat</b>		<u>-129 912</u>	<u>22 298</u>
Annen renteinntekt		91	16
Annen finansinntekt		380	0
Annen rentekostnad		-14 081	-11 957
Annen finanskostnad		-2 501	-2 581
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	5	<u>-146 022</u>	<u>7 776</u>
<b>Ordinært resultat</b>		<u>-146 022</u>	<u>7 776</u>
<b>Årsresultat</b>		<u>-146 022</u>	<u>7 776</u>
Disponering (dekking) av årsresultatet			
Avsetning til dekking av tidlegare udekkede tap		0	7 776
Overført til udekkede tap		146 022	0
<b>Sum disponert (dekket)</b>		<u>-146 022</u>	<u>7 776</u>



**Tunnelmåling AS**

BALANSE PR. 31.12.

	<i>Note</i>	2016	2015
<b>EIGEDELAR</b>			
Anleggsmidler			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Maskiner og anlegg	2, 9	<u>11 900</u>	<u>74 100</u>
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<u>11 900</u>	<u>74 100</u>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<u>11 900</u>	<u>74 100</u>
Omløpsmiddel			
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		0	7 125
Andre fordringar	10	<u>29 626</u>	<u>121 826</u>
<b>Sum fordringar</b>		<u>29 626</u>	<u>128 951</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	7	49 280	18 267
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<u>78 906</u>	<u>147 218</u>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<u>90 806</u>	<u>221 318</u>



Tunnelmåling AS  
BALANSE PR. 31.12.

	Note	2016	2015
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<i>Innskoten egenkapital</i>			
Aksjekapital (1 000 aksjer á kr 100)	4, 8	<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
Sum innskutt egenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Udekket tap		<u>-198 573</u>	<u>-52 550</u>
Sum opptjent egenkapital		<u>-198 573</u>	<u>-52 550</u>
Sum egenkapital	8	<u>-98 573</u>	<u>47 450</u>
<b>GJELD</b>			
<i>Avsetninger for forpliktingar</i>			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	9	67 501	28 786
Leverandørgjeld		12 688	46 571
Skuldige offentlige avgifter		47 583	41 036
Annen kortsiktig gjeld	3	<u>61 606</u>	<u>57 475</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>189 378</u>	<u>173 868</u>
Sum gjeld		<u>189 378</u>	<u>173 868</u>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<u>90 806</u>	<u>221 318</u>

Sogndal, 30.06.2017  
Styret i Tunnelmåling AS

  
Svein Hovland  
styreleder



## Tunnelmåling AS

Notar til årsrekneskapen for 2016

<b>Note 1</b>	<b>Rekneskapsprinsipp og verknad av prinsippendingar</b>
---------------	--

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling innan eitt år etter balansedagen, samt postar som knyter seg til varekretsløpet. Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og antatt verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffingskost etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi.

Kundefordringar og andre fordringar vert oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det gjort ei uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap mellom øvrige kundefordringar.

Anleggsmiddel omfattar eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffingskost. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmiddelet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrivne til verkelig verdi ved verdifall som vert venta å ikkje vera forbigåande. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 24 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserende mellombelse skilnader som vert reversert eller kan reverserast i samme periode er utlikna og nettoført. Selskapet har valgt å ikkje bokføre utsett skattefordel.

Selskapet er ikkje pliktig til å opprette obligatorisk tenestepensjon og har ikkje opprettet dette.

<b>Note 2</b>	<b>Varige driftsmiddel</b>
---------------	----------------------------

	Maskiner	Bygningar	Totalt
Anskaffingskost 1.1	858 674	-	858 674
Tilgang	-	-	-
Avgang	-200 000	-	-200 000
Anskaffingskost 31.12	658 674	-	658 674
Akkumulerte avskrivningar 31.12	-646 774	-	-646 774
<b>Balanseført verdi pr. 31.12</b>	<b>11 900</b>	<b>-</b>	<b>11 900</b>
Avskrivningar i år	52 200	-	52 200



## Tunnelmåling AS

Notar til årsrekneskapen for 2016

### Note 3 Anna kortsiktig gjeld

Anna kortsiktig gjeld består av:	I år	I fjor
Påløpne feriepengar.	60 347	43 340
Skuldig lønn	139	13 014
Gjeld til tilsette	1 121	1 121
Påløpt kostnad	0	0
<b>Sum</b>	<b>61 606</b>	<b>57 475</b>

### Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i Tunnelmåling AS pr. 31.12 består av følgjande aksjeklassar:

	Antal	Pålydande	Balanseført
Ordinære aksjar	1 000	100	100 000
<b>Sum</b>	<b>1 000</b>		<b>100 000</b>

Selskapet sine aksjonærer pr. 31.12 var:

Aksjonærer	Sum aksjar	Eigardel
Svein Hovland (dagleg leiar/styreleiar)	1 000	100 %
<b>Sum</b>	<b>1 000</b>	<b>100 %</b>

### Note 5 Skattekostnad

Skattekostnaden er samansett av:	I år	I fjor
Betalbar skatt	-	-
Endring utsett skattefordel	-	-
<b>Netto skattekostnad</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Alle mellombelse skilnader kan utliknast, og dette er gjennomført i berekninga av utsett skattefordel.

Utsett skatt	I år	I fjor	Endring
Netto grunnlag	-571 828	-425 805	146 023
Utsett skatt 25 % / 27 %	-137 239	-106 451	30 787

Utsatt skattefordel bokføres ikkje i rekneskapet.



## Tunnelmåling AS

Notar til årsrekneskapen for 2016

### Note 6 Lønnskostnader, tal tilsette, godtgjersle til dagleg leiar m.v.

Lønnskostnader	I år	I fjor
Lønninger	482 351	357 393
Arbeidsgiveravgift	51 595	39 741
Pensjonskostnader	0	0
Andre ytelser	0	0
<b>Sum</b>	<b>533 945</b>	<b>397 134</b>

Sysselsette årsverk	0,5	0,5
---------------------	-----	-----

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Lønn	456 080	0
Pensjonsutgifter	0	0
Anna godtgjersle	4 392	0

Det er ikke gitt lån/sikkerhetsstillelse til daglig leder, styreformann eller andre nærstående parter.  
Det er ingen enkelt lån/sikkerhetsstillelser som utgjør mer enn 5 % av selskapets egenkapital.

Revisor	I år	I fjor
Revisjon	18 500	18 000
Andre tjenester	4 000	6 000
<b>Sum honorar til revisor</b>	<b>22 500</b>	<b>24 000</b>

### Note 7 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne betalingsmidler pr. 31.12. utgjør	30 625	18 221

### Note 8 Eigenkapital

Året sin endring i eigenkapital	Aksjekapital	Anna EK	Sum
Eigenkapital 01.01	100 000	-52 550	47 450
Året sitt resultat	0	-146 022	-146 022
Avsett utbytte	0	0	0
<b>Eigenkapital 31.12.</b>	<b>100 000</b>	<b>-198 573</b>	<b>-98 573</b>



Tunnelmåling AS

Notar til årsrekneskapen for 2016

**Note 9 Renteberande gjeld**

	I år	I fjor
<b>Gjeld sikra med pant</b>		
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjonar (kassakreditt)	67 501	28 786
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjonar	0	0
<b>Sum gjeld sikra med pant 31.12.</b>	<b>67 501</b>	<b>28 786</b>

**Balanseført verdi av pantsette eigedelar**

Varige driftsmiddel	11 900	74 100
<b>Sum 31.12.</b>	<b>11 900</b>	<b>74 100</b>

**Note 10 Kortsiktige fordringar**

	I år	I fjor
Andre kortsiktige fordringar består av:		
Lån til ansatte	21 380	25 000
Til gode mva	4 946	11 826
Andre kortsiktige fordringar	3 300	85 000
<b>Sum</b>	<b>29 626</b>	<b>121 826</b>